



Berit Moslett Borge

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/401 - 23/19848

Saksbehandlar:  
Dagrun Revheim  
dagrun.revheim@osteroy.kommune.no

Dato:  
05.09.2023

## Valet 2023 - innkalling til valoppgjær / oppteljing søndag 10. september og måndag 11. september

I samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 vert det oppteljing av førehandsrøyster :

**Søndag 10. september frå kl. 10.00 og utover dagen**  
**Osterøy rådhus – heradsstyresalen**

**Vallova §10-5 (1) har opna for at me kan telja førehandsrøystene på dagen før valdagen. Førebels teljing og endeleg teljing må skje på same dag.**

*Valstyret har det formelle ansvaret. De må vurderer om de ønskjer å vera til stades heile dagen medan **administrasjonen gjer førebels oppteljing**, eller om me gjer avtale om å kontakta dykk når endeleg teljing (skanning) kan starta, og at de då er budde på stilla på kort varsel.*

Arbeidet administrasjonen skal gjera før endeleg teljing/skanning kan starta:

- Opna røystesetelkonvoluttane der førehandsrøysta er tatt imot i konvolutt.
- Innhaldet skal kontrollerast – ein konvolutt – to røystesetlar i konvolutten – ev. ein røystesetel. (ikkje alle røyster til begge vala)
- Vurdera om setlane er gyldige, dvs at det går fram kva val det gjeld, og at partiet stiller til val
- Kontrollera at setlane har stempel. Setlar som ligg i konvolutt og som manglar stempel skal me stempla før dei vert talde
- Røystesetlane vert samstundes sortert på dei to vala
- Tvilsame setlar vert lagt til sides for vurdering i etterkant
- Røystesetlar tatt i mot «rett i urne» skal sorterast på dei to vala
- Røystesetlane skal så sorterast pr. parti
- Me skal telja alle førehandsrøyster, fordelt på parti, og samanlikna med kryss i manntalet
- Urneteljing og førebels teljing skjer då samstundes
- Manuell teljing skal så registrerast i EVA, fordelt på parti

- Kommunestyrevalet og fylkestingsvalet skal teljast kvar for seg, så me sorterer og tel manuelt i to omgangar.

**Vidare følgjer det av lova at endeleg oppteljing av førehandsrøyster skal starta umiddelbart etter at førebels oppteljing er ferdig. Endeleg oppteljing vert gjort med bruk av skanning.**

**Kommunestyrevalet og fylkestingsvalet skal skannast kvar for seg.**

---

De vert med dette kalla inn til oppteljing og valoppgjer:

**Måndag 11. september frå om lag kl. 20.30 og utover kvelden/natta.  
Osterøy rådhus, heradsstyresalen**

I kantina vert det servert mat og drikke frå ca. kl. 19.00.

Kopi av innkallinga vert send til varamedlemmene i valstyret til orientering. Varamedlemmer kan verta kalla inn på kort varsel.

Førebels oppteljing (grovteljing) vil skje krinsvis etter at vallokala stengjer kl. 20.00.

Endeleg oppteljing vert gjort i rådhuset etter kvart som ein får inn materiellet frå røystekrinsane. Ved endeleg oppteljing vert røystesetlane talde med skanning.

Ein reknar med at oppteljinga vert ferdig i løpet av kvelden/natta, men skulle uventa problem oppstå, må de vera budde på å halda fram neste dag frå kl. 09.00.

Valstyret har det formelle ansvaret for oppgjeret og må vera til stades under heile prosessen. Det kan og vera aktuelt med møte undervegs, dersom det oppstår spørsmål som treng avklaring i valstyret.

Dei siste førehandsrøystene må teljast etter kl. 17.00 tysdag, og valstyret si møtebok kan difor ikkje gjerast ferdig før dette arbeidet er fullført.

Røystesetlane til fylkestingsvalet, valstyret si møtebok m.m. skal leverast til fylkeskommunen onsdag 13. september, etter at valstyret har godkjend møteboka. Det må difor haldast eit formelt møte i valstyret tysdag kveld eller onsdag morgon. Dette kjem ein tilbake til år ein ser kva tid valstyret si møtebok kan vera klar.

Oversyn over oppgjerslokalet og mannskapsoppsett ligg ved til orientering.

Med helsing

Dagrun Revheim  
Konsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

---

**Kopi til:**

Alexander Thunestvedt  
Jarle Skeidsvoll  
Runar Ludvigsen  
Siren Tyssebotn  
Turid Bjørndal Njåstad

**Mottakar:**

Berit Moslett Borge  
Hjalti Heimir Gislason  
Lars Fjeldstad  
Ragnar Tyssebotn  
Rita Tveiten